

Ref Foreldremøte 1. og 2. kl

19.09.19

(8 heimar møtte)

Klassemiljø

Fin gjeng som går godt i lag.

Me arbeider med å arbeida inn rutinar, spesielt å retta opp handa og å sitja og venta på tur.

Elevane likar og leika og å læra.

Nokre er litt høgrøysta av natur, må arbeida med å få til innestemme på alle elevane, og denne veka har me greidd ein god del av målet.

Me arbeider med Zippy, eit program i sosial kompetanse, der me lærer om kjensler, konfliktløsning m.m.

Me arbeider med reglar for klassen og skulen generelt og skal bruka ulike sosialiseringsovingar framover.

Me brukar ulike leikar for leseførebuaende aktivitetar.

Skulekvardagen.

Har ein del timar der me deler klassen i matte og norsk. Linn S har ansvar for 2. kl i matematikk, men har og nokre timar i norsk i 2. klassen. Birte har nokre timar i 2. klasse i norsk. Samstundes kan me m.a. bruka timane til å sjekka om det er nokon som treng litt meir øving i einskilde område, t.d. bokstavinnlæring, lesing, tal og rekning. Me har også med ein assistent i ein del timar.

Bokstavprogram:

Begge klassane er med på ein 10 min. videosnutt om bokstaven me skal læra. Her får 2. kl repetisjon i fellesskap med 1. kl. (Leseorpset/Bokstavkongen).

Så arbeider 1. kl. med bokstavprogram, medan 2. kl arbeider med løkkeskrift.

Lesing:

Viktig å syngja **lydane** saman til ord, ikkje stoppa opp. Det er også veldig viktig å lesa leseleksa saman med barnet, det er kanskje det viktigaste de gjer for barnet dykkar i lesesamanheng. Dette har ekstremt mykje å seia for kor god barnet vert til å lesa, og lesing vert det på alle plan i framtida. Oppmod elles barnet dykkar til å lesa bøker åleine og ilag med dykk foreldre, det hjelper både på lesefart, begrepslæring, opplevingar og mykje meir 😊

Bibliotek

Elevane kan låna 2 bøker om gongen. Dei må levera inn bøkene for å få låna nye. Når dei er ferdig lesne, kan dei levera dei inn i klasserommet til meg, så ligg dei der til me går på biblioteket om torsdagane. På foreldremøtet gav foreldra meg lov til å sei til elevane at dei må låna bøker, ei bok med tekst og bilete (forteljing) og ei (om dei ynskjer den type bok) faktabok.

Skriving

Kan vera ein kneik å koma over. Må få skriva om noko som interesserar dei og ikkje minst ha ein interessert mottakar av det dei skriv.

Me skal skriva bok/bøker i år, det var fin suksess i fjor. Eg har også ei bok der 2. kl (til no) kan skriva ting dei har lyst til, får oppgåver om eller berre stilla spørsmål til lærarane i. Så skriv me svar, og stiller spørsmål til dei. Det har funka bra, og skal takast meir i bruk.

Kanskje elevane kan skriva ting dei lurar på, har lyst på eller vil fortelja om til foreldra?

Les 15 minutt

Les for, med og i lag med barnet dykkar, til dømes når det skal leggja seg. Sjå etter bokstavar, snakk om bilete og innhaldet i teksten. Snakk om ord i teksten, så lærer barnet nye begrep, som også er svært viktig.

Felles aktivitetar på skulen:

Vekessamling (nytt av året):

Heile skulen samlast 20 min. i første timen kvar måndag. Her gjennomgår me vekas felles regelmål, me syng vekas song, gjennomgår kva veka skal innehalda av aktivitetar. Dette m.a. for å skapa endå meir fellesskap blant elevane.

Konkurransen i å halda garderoben ryddig.

Me hadde starta godt med å arbeida med å verta ryddige, og då konkurransen kom, vart det så perfekt at me vann 😊 Men, konkurransen går vidare, og me må halda fram det gode arbeidet.

Temadagar/temaveker

For å læra, ha variasjon og å skapa fellesskap har me felles temadagar for heile skulen, i aldersblanda grupper.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta tilbyr fysioterapeut for skulane, som tillegg til helsesjukepleiar.

Mål: leggja til rette for fysisk aktivitet for alle, då dette er viktig for fysisk og psykisk helse resten av livet. Fysioterapeuten er tilgjengeleg for elevane på skulen. Ho underviser om fysisk aktivitet og tilbyr også arbeid med stressmestring.

TL

Dette er eit aktiviseringsprogram som elevar, valde som TL-leiarar, gjennomfører i storfriminuttet tirsdagar og fredagar gjennom året. TL-arane har mange kjekke leikar som dei lærer elevane. Dette for å få aktivitet og sosialt fellesskap for elevane. Det skal også vera med på å hindra at nokon går åleine.

Vekeplanen

Skal liggja på Wisma, de må logga inn. Skulen kan senda melding på e-post eller sms (via Wisma). De kan ikkje svara på sms-en, då må de logga inn på Wisma.

Radøy kommune har ikkje foreldreappen til Wisma, så de må logga dykk inn i Wisma.

<https://skole.visma.com/radoy/account/login>

På vekeplanen står det også litt om måla for perioden, leksene og litt nyttig info.

Testar gjennom året.

Carlsten kartleggjingsprøve, haust og vår for 2. kl, og vår for 1. klasse.

UDIR sine kartleggjingsprøvar i rekning og lesing i april for begge klassar.

«Soling» (systematisk observasjon av lesing) vert gjennomført 2 gonger pr år, samt jamnleg gjennom året.

Multi halvårsprøvar til jul og sommar i matematikk for 2. kl og til sommaren for 1. klasse.

Fråver

Viktig at **de ringjer skulen før halv ni om morgonen om eleven er sjuk**. Om me ikkje har høyrte noko, ringjer me heimen. Dette for tryggleiken til eleven. **Skriv melding etter sjukefråveret i meldingsboka**. Ved planlagt fråver kan de søkja fri ved å bruka meldingsboka/e-post for inntil 2 dagar. Permisjon 3 dagar eller meir må søkjast til rektor om.

Sosial aktivitet

Dersom foreldra i klassen kjenner kvarandre og borna godt, kan klassemiljøet verta endå betre. For å verta betre kjent og å ha det kjekt i lag, planlegg foreldra, der Laila har ansvar for å finna dato , ein tur i mørket i november. Veldig kjekt tiltak som har vore prøvd ut før med suksess.

Ref

Liv O. Vetås